


# Vi jobber for Søre Bjørnafjorden nasjonalpark

...for å verne de store naturverdiene på Reksteren og Vestre Tysnesøy.

- Et unikt, kystnært furuskogsområde
- Store områder med torv og myr
- Sjelden høy konsentrasjon av boreonemoral regnskog
- Nasjonal landskapsøkologisk funksjon
- Viktig område for arealkrevende fugler



En firefelts motorvei medfører i seg selv store, irreversible ødeleggelser av sårbar natur. I tillegg kommer følgevirkningene som får konsekvenser langt utover selve motorveitraseen, som økt press for videre utbygging i form av boligfelt, industri og kjøpesentre. Habitater fragmenteres, naturen forurenses av mikroplast fra bildekk, veisalt og eksos. I tillegg vil støy og lysforurensning for alltid endre livsvilkårene for artene som bor her, også langt fra motorveien.



Reksteren/Tysnes er kjerneområdet for kystregnskog, en naturtype som er sjelden på verdensbasis!

Fattig boreonemoral regnskog i Norge



Konsentrasjonen av utrydningstruede arter er høy i området hvor ny E39 planlegges.

Vi mener dette området er så verdifullt at vi har foreslått å verne det gjennom opprettelsen av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark:



Fylkesmannen i Vestland  
Miljø- og klimaavdelinga  
Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Bergen, 28.8.2019

Naturvernforbundet Hordaland  
Bryggen 23, Jacobsfjorden 4. et.  
5003 Bergen

### Oppmoding om utgreiing av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark

I prosessen med supplerande vern av natur i Hordaland, der fylkesmennene fekk i oppdrag frå Miljødirektoratet å koma med innspel til nye verneområde, meiner me i Naturvernforbundet Hordaland at eit område med særskilte verneverdiar har vorte utelate. Derfor oppmodar me no Fylkesmannen i Vestland om å utgreia området Reksteren og vestre Tysnesøy som kandidat for nasjonalparkområde, og føreslår med dette opprettinga av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Klima- og miljødepartementet sette følgjande kriterium for supplerande vern:

- Områda skal bidra til at alle naturtypar er tilstrekkeleg representert i norske verneområde
- Områda skal bidra til å sikra truga natur (artar og naturtypar)
- Områda skal bidra til større robustheit for å motverka negative effektar av klimaendringar og andre negative påverknadar, og betre økologiske nettverk
- Det er aktuelt å vurdere vern innanfor vernekategoriene nasjonalparker, landskapsvernområde, naturreservat og biotopvernområde
- Det skal både vurderast nye verneområde og utviding av eksisterande verneområde
- Eksisterande og nye verneområde skal samla sett i størst mogleg grad utgjera eit funksjonelt økologisk nettverk

Sjølv om Klima- og miljødepartementet i sitt oppdrag til Miljødirektoratet og fylkesmennene har sagt at naturtypene skog og marine miljø ikkje skal omfattast av suppleringsvernet, opnar dei likevel for at skogområde som heng nært saman med verneverdige naturtypar som t.d. myr og våtmark, kan vernast. I Stortingsmelding 14 som oppdraget er basert på, «Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold» (1), vert følgjande slått fast: «For truede naturtyper som det kun er få forekomster av i landet (...) og for svært verdifulle forekomster av alle de truede naturtypene, vil regjeringen vurdere områdevern i tillegg til eller i stedetfor utvalgte naturtyper.»

Adresse: Bryggen 23, Jacobsfjorden 4. etasje, 5003 Bergen  
E-post: hordaland@naturvernforbundet.no – Internett:



Området me meiner bør inngå i ny nasjonalpark oppfyller dermed i høgaste grad kriteria for vern: det har fleire truga naturtypar som kystmyr og sumpskogar, ei rekke raudlista artar og boreonemorale regnskoglokalitetar som er unike i verdssamanheng. Saman utgjer desse eit uvanleg rikt økosystem og danner ein heilskap av høg verneverdi.

Intakte økosystem, og særskilt våtmarksområde, myr og naturskog, er viktige karbonlager. Dei reduserer også skadeverknadane av flaum fordi dei absorberer enorme mengder vatn. Å ta vare på slike økosystem er derfor avgjerande både for å bremsa global oppvarming, men også for å handtera konsekvensar av oppvarminga som allereie har funne stad.

Statens vegvesen har i si konsekvensutgreiing av ny E39/Hordfast (2) mellom anna sagt følgjande om området:

«Den store konsentrasjonen av viktige lokalitetar for naturmangfold gjer at området har ein viktig og nasjonal landskapsøkologisk funksjon.»

«Størst verdi landskapsøkologisk sett har området mellom Reksteren og Neset. Dette området er eit unikt kystnært furuskogområde med boreale lauvskogar og blandingsskogar, og med innslag av edellauvskogar, hagemarker og naturbeitemarker. Området er og lite påverka av menneskeleg aktivitet.»

Fylkesmannen er godt kjend med naturverdiane i området, og har sjølv slått fast følgjande i sin høyringsuttale om Hordfast (3):

«Både på Stord og i Os er det registrert viktige naturførekomstar, men området Reksteren-Nese på Tysnes er i ei særstilling. Området har ein sjeldan høg konsentrasjon av boreonemorale regnskog i tillegg til andre svært viktige naturførekomstar som er ein del av eit større samanhengande skogområde.»

Fylkesmannen peikar i den same fråsegna på at området inneheld naturtypar som me har eit særleg internasjonalt forvaltingsansvar for, jf. naturmangfoldlova § 10.

Ytre Oslofjord og Agder- og Telemarkskysten har fått fire nasjonalparker som vernar verdifull kystnatur. På Vestlandet er det berre fjellområde som er gitt nasjonalparkstatus. Ein nasjonalpark på Reksteren og Vestre Tysnesøy vil vera eit svært godt val som den første nasjonalparken i sitt slag på Vestlandet.

Naturvernforbundet Hordaland meiner at naturverdiane me finn på Reksteren og vestre Tysnesøy, er så verdifulle og sjeldne at dei av omsyn til naturmangfold og klima må vernast som Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Adresse: Bryggen 23, Jacobsfjorden 4. etasje, 5003 Bergen  
E-post: hordaland@naturvernforbundet.no – Internett:



Nye Vestland fylke treng større variasjon og mangfold i nasjonalparkane sine for å kunna bevare eit representativt utval naturtypar, økosystem og landskap for framtida. Ved opprettinga av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark vil me bevare eit uvanleg rikt og variert område. Det vil bli ei perle for Vestlandet, som kan by på både fjord- og kystlandskap, myrar og våtmarksområde og unike regnskogar.

Derfor ber me med dette Fylkesmannen i Vestland om å fylgja opp og vurdere vårt forslag om opprettinga av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland

Ved leiar Gabriel Fliflet

Kjelder:

(1) Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold. <https://www.regjeringen.no/contentassets/902deab2906342dd823906d06ed05db2/no/pdfs/stm201520160014000dddpdfs.pdf>

(2) Statens Vegvesen 2016, E39 Stord-Os KONSEKVENSTREEING. Delrapport 3: Naturmangfold. [https://www.vegvesen.no/\\_attachment/1623792/binary/1148198?fast\\_title=Naturmangfold%2C+juni+2016.pdf](https://www.vegvesen.no/_attachment/1623792/binary/1148198?fast_title=Naturmangfold%2C+juni+2016.pdf)

(3) Fylkesmannen sin høyringsuttale om Hordfast. Del av [https://www.vegvesen.no/\\_attachment/2195202/binary/1241174?fast\\_title=Alle+h%C3%B8yringsuttalane+samla.pdf](https://www.vegvesen.no/_attachment/2195202/binary/1241174?fast_title=Alle+h%C3%B8yringsuttalane+samla.pdf)

